



## Sakspapir

«Sgr\_Beskrivelse»

«Spg\_Beskrivelse»

Saksnr	Utval	Møtedato
082/15	Formannskapet	10.06.2015
049/15	Kommunestyret	18.06.2015

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Oddbjørn Ese	K1 - 200	14/1061

### **Kommunereforma - utfordringsbilete for Vik**

#### **Rådmannen si tilråding**

Saka blir lagt fram til drøfting

#### **Formannskapet - 082/15**

Saka vart drøfta.

#### **FS - vedtak:**

Saka blir lagt fram for kommunestyret for vidare drøfting.

#### **Kommunestyret - 049/15**

Saka vart drøfta på grunnlag av innspel frå arbeidsgruppa.

#### **KS - vedtak:**

Handsaminga ga ikkje grunnlag for vedtak.

## **Vedlegg**

Power point presentasjon - Kommunereforma - analyse av no situasjon - sterke og svake sider

## **Kort samandrag**

I tråd med vedteken prosjektplan for gjennomføring av kommunereforma i Vik har arbeidsgruppa utarbeidd grunnlag for politisk drøfting av utfordringsbiletet for Vik.

Saka blir lagt fram til drøfting.

Saka skal til kommunestyret til sluttdrøfting og evt. konklusjon.

## **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

Kommuneproposisjonen 2015.

## **Saksopplysningar**

I tråd med vedteken prosjektplan for gjennomføring av kommunereforma i Vik har arbeidsgruppa utarbeidd grunnlag for politisk drøfting av utfordringsbiletet for Vik. Arbeidsgruppa er rådmannen si leiargruppe og dei hovudtillitsvalde. Arbeidsgruppa har hatt tre samlingar i arbeidet med å drøfta utfordringsbiletet.

Arbeidsgruppa har teke utgangspunkt i kommunen sine 4 hovudoppgåver:

- Kommunen som tenesteytar
- Kommunen som forvaltningsorgan og utøving av mynde
- Kommunen som samfunnsutviklar.
- Kommunen som demokratisk arena

For kvar av desse hovudoppgåvene har arbeidsgruppa vurdert sterke og svake sider slik Vik kommune framstår i dag.

Vurderingane framgår av pp-presentasjonen som fylgjer saka som vedlegg.

## **Økonomiske konsekvensar**

Ikkje relevant i saka.

## **Vurdering**

Det er viktig å presisera at det som blir lagt fram i denne saka er arbeidsgruppa sine vurderingar og såleis ingen fasit. Det er heilt sikkert delte meiningar om kva som er sterke og svake sider for Vik i dag i høve til oppgåvene kommunen har. Dette er meint som innspel og grunnlag for den politiske drøftinga som no skal gjennomførast. Det er også viktig å få fram at dette er utfordringsbiletet for Vik, og det treng *ikkje* vera slik at det som t.d. blir vurdert som svake sider for Vik i dag, nødvendigvis vil bli sterke sider ved ein større kommune. Poenget

med å få fram eit utfordringsbiletet, er å ha eit utgangspunkt for å vurderer om det som måtte bli aktuelle nye kommunealternativ framstår som sterkare sett i høve til Vik kommune i dag.